

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 31. oktober 2024 kl. 19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Marit
Kaffi og kjeks:	Reidun

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

SAKLISTE

- 2024/41 - 225** **Vedtak AU 17.10.24 gåve til prosten i anledning avskilsfest 20. oktober**
Sjømannskyrkja i London held på med oppussing av rommet «Stokksund» som er oppkalla etter lastebåten «Stokksund» som forliste i 1989. Ombord var det to personar frå Bømlø og ein person frå Sagvåg som omkom. AU vedtok å gi ei pengegåve pålydande kr 2 500,- øyremerka prosjektet som gåve til prost Svein Arne Theodorsen.
- 2024/42 - 120** **Økonomi – rekneskapsrapport**
Saksutgreiing: Soknerådet går gjennom rekneskapsrapport pr 15.10. Dette vil bli ein detaljert gjennomgang med tanke på å forstå heilheten i rekneskapet mm. Budsjettarbeid for 2025 kan bli gjort utifrå tankar rundt rekneskapet så langt i år.
- Opprinneleg var det få saker til dette møtet, difor vart det gjennomført med fokus på rekneskapet til soknerådet. Dei som møtte fekk ei detaljert innføring i korleis rekneskapet var bygd opp, og kva som ligg inni hovud-tala. Framover vil rekneskapet bli presentert omlag på denne måten, i allefall på dei møtene det ikkje er mange saker. Soknerådet ynskjer og informasjon om rekneskapet til fellesrådet, dette vil berre gitt til info når rekneskapsrapportane er klare.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Lys Vaken vert arrangert utan tilsette, soknerådet v/ Sigrid og Tormod tar ansvar for gjennomføringa.
2. Det vert søndagsskule i kyrkja ein søndag i november v/ Wenche og Katrine V. Kvernenes. Det er planar om å prøve å få til fleire dagar med søndagsskule utover våren, fleire personar er involvert.
3. Solveig Nilsen er ny leiar i Kyrkjeringen, Målfrid Helle vert takka av etter mange år som dyktig og flott leiar. Reidun ordnar dette.
4. Dato for basar i 2025 vert 18. oktober. Dette vert sak på februar-møtet 2025.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:

Tid: 28.11.2024 kl 19.00-21.00
Stad: Nysæter kyrkje
Opning: Wenche